


Vedlikehald av reinseparkar



Reinseparkar er etablert for å fange opp næringsavrenning og jordpartiklar som kjem frå kringliggjande areal. Det betyr at dei etterkvart vil fyllast opp. Når dette skjer vil reinseeffekten gå ned. Brosjyren er laga for å gi tips og råd til korleis ein best mogleg kan reinske opp i ein reinsepark, og hindre unødvendig avrenning i oppreinsingsperioden.

FANGDAM ELLER REINSEPARTK?

Ein fangdam er ein kunstig konstruert våtmarkssone eller dam i eit bekkeløp. Den samlar opp jordpartiklar og næringsstoff ved botnfelling/sedimentasjon og ved opptak i planter og mikroorganismar. Ein reinsepartk er ein serie fangdammar. I Rogaland er det mest vanleg med reinsepartkar.

Ein reinsepartk blir i hovudsak etablert for å redusere næringsavrenning og partikkeltap frå landbruket, dersom den blir plassert på rett stad, kan den også bidra positivt med omsyn til biologisk mangfald. Reinsepartken skal halde tilbake næringsstoff og jordpartiklar slik at næringsbelastninga i vassdraget blir redusert. Verknaden av ein reinsepartk varierar mykje ut frå konstruksjon og kva jordpartiklar som er i område, samt kor høgt næringsinnhald det er i jorda kring reinsepartken.

Dei ulike jordtypane sedimenterer ulikt i ein reinspartk. Tyngda på partiklane er avgjerande for kor dei sedimenterer. Sand og silt sedimenterer raskt, medan leirpartiklar brukar lang tid på å nå botnen. Men desse leirpartiklane finns ofte kitta saman i større aggregat, og det blir storleiken på aggregatet som blir avgjerande. Store aggregat sedimenterer tidleg i dammen, mens små leiraggregat, enkeltpartiklar og løyst fosfor treng helst ei lang vegetasjonssone som held igjen dei små partiklane og som kan nytta dei løyste næringsstoffa.




PRAKTISKE TILRÅINGAR VED UTFORMING AV REINSEPARTKEN

Vegetasjonssona er spesielt viktig for å få god effekt av reinsepartken. Det er difor viktig at ein bruker rett type plantar. For å sikre rask etablering av vegetasjon, bør ein nytte stadeigne planter.

Djupna på våtmarksfilteret bør ikkje vere djupare enn ca 50 cm for å sikre at plantane får etablert seg.

Dersom utfordringa primært er partikkelavrenning, bør ein større del av arealet gå til bygging av eit sedimentasjonskammer. Dette bør vere minst 80—100 cm djupt.

Dersom hovudutfordringa er løyst fosfor, organisk stoff eller nitrogenavrenning bør ein større del av arealet leggast i vegetasjonsfilteret.



Figur 1 Skissert oppbygging av ein reinsepartk. Ill. etter B.Braskerud.

NÅR ER DET PÅ TIDE Å REINSKE OPP?

Tidlegare studiar har vist at reinseparkane opprettheld reinsking heilt til sedimenta når vassoverflata. Ein tommelfingerregel er at sedimentasjonskammer bør mudrast når 30—50 % av kammeret er fullt.

Det er vassoverflata si størrelse som har innverknad på kor effektiv ein reinsepark er. Stor overflate gir betre reinskeemne enn mindre overflate. Når overflata blir mindre fordi den fyllast til av sediment vil effektiviteten gå ned tilsvarande. Sedimentkammeret må som regel reinskast oftare enn resten av reinseparken.

Vegetasjonssona har og mykje å seie når det gjeld effekten av reinseparken. Vegetasjonsfilteret vil bruke nokre år på å etablere seg. Når det er etablert, er det viktig at det ikkje blir unødig forstyrra. Då vil det gå ut over effekten av reinseparken.

Vegetasjonsfilteret kan tynnest ved å grave vekk stripar på tvers av retninga til vassstraumen. Dette må gjerast slik at det renn vatn i heile bredda av vegetasjonsfilteret.



REKKEFØLGJE UNDER OPPREINSKING

Det er viktig at tømning skjer under gunstige verforhold. Vatngjennomstrauminga må vere så låg som mogleg, og det kan vere lurt å setje opp eit midlertidig stengsel oppstraums parken til oppreinskinga er avslutta. Det er viktig at totalarealet av dammen blir ivaretatt.

Det er ein fordel at det blir laga dybdevariasjonar i dei ulike reinsekammera.

Dersom det skal etablerast vegetasjonsfilter er det gunstig at det blir grunnare parti enn 0,5 meter slik at vegetasjon kan etablere seg. I djupare område vil vegetasjon ha vanskeleg for å etablere seg.



HAR MASSANE GJØDSLINGSVERDI?

Massane har i seg sjølv ingen gjødslingsverdi som kan reknast inn i gjødselplanen. Massane har vist seg å ha tilsvarande fosfortal som jorda den får partiklane frå.

KOR GJER EG AV MASSANE FRÅ REINSEPARKEN?

Den beste bruksmåten for massane henta frå reinsparken, er å pløye den ned på eigen åker. Massane bør fraktast vekk frå sjølve elvekant-område, og pløyast ned så fort rå er. Fordi massane kan innehalde høge fosfortal må dei ikkje ligge slik at ein får unaudivg avrenning av partiklar ved neste regnskyll.

Massane må ikkje bli dumpa på stader der dei kan skada kulturminne eller biologisk mangfald.



STØTTEORDNINGAR FOR ETABLERING OG REINSKING

Du kan søkje landbrukskontoret i din kommune om midlar til etablering av reinsparkar. Dersom det er tilstrekkeleg midlar, kan ein i einssilde kommunar få opptil 90 % finansiering av tiltaket.

Det er eit vilkår for tilskot at reinskepar-ken blir halden vedlike i minst 10 år.

For oppreinsking av reinsparkar er det avsett midlar i regionalt miljøprogram. Du kan (etter 01.01.2011) få inntil kr. 10.000,- i stønad. Som hovudregel må reinsparken vere minst 10 år gamal. Sjå eigen rettleiar på nett for kva kriterium som gjeld for utbetaling av tilskot.

www.fylkesmannen.no/landbruk



For meir informasjon om reinsparkar kan du gå inn på : www.bioforsk.no/tiltak

Brosjyren er utgitt av Fylkesmannens landbruksavdeling i samarbeid med Bioforsk og vatnområde Jæren.

Foto: Anne Grete Rostad, Arne Lyshol